



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: **Verneområdestyret for SVR**

Møtested: Teams, Teams

Dato: 25.09.2023

Tidspunkt: 08:30 - 09:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Gerd Helen Bø	Medlem	
Per Sverre Kvinlaug	Medlem	
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Jan Dalen	Medlem	
Torunn Munthe	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Stanley Wirak	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	
Margrete Dysjaland	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Margrethe Handeland	MEDL	
Sigbjørn Åge Fossdal	MEDL	
Henry Tendenes	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Anne Eikerapen	Sigbjørn Åge Fossdal	

Merknader:

Øvrige frammøtte:

Navn	
Alf Odden	Verneområdeforvaltar
Sara Kristiane Eide	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 33/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 34/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 35/23	Søknad om helikopterlandinger på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2024, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE		2023/8714
ST 36/23	Eventuelt		

ST 33/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.09.2023

Behandling

Vedtak

Møteinkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

ST 34/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.09.2023

Behandling

Vedtak

Inger Lise Lund Stulien og Jonny Liland vart vald til å skrive under protokollen.

ST 35/23 Søknad om helikopterlandinger på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernombord i samband med Heliboogie 2024, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE

Forvalters innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernombord, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 landingar med helikopter på Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet "Heliboogie 2024". Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 18-21. juni 2024 (tysdag-fredag). Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på søknaden om dispensasjon eit samla tal på 300 helikopterlandinger ved Kjerag. Verneområdestyret grunngjev avslaget med vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandinger, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konfliktar mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjer dette talet framleis rammene for dispensasjonen.


Dispensasjonen på omfattar transport av basehopparar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandinger.

Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medfører auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunktene Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstår situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfør stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvalningssekretariatet innan 1. august 2024.

Kart over flygeruter



- Flyrute ned
- Flyrute opp

Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar
Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernombord,

samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthopstad under arrangementet "Heliboogie 2024" 18-21. juni 2024. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehopparar ut over stupkanten.

Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.09.2023

Behandling

Nytt framlegg frå Stanley Wirak, med endringar i avsnitt ein og to frå forvaltars innstilling: : Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 300 landingar med helikopter på Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet "Heliboogie 2024". Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 18-21. juni 2024 (tysdag-fredag). Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

For 2024 gis det dispensasjon til 300 landingar i staden for 200 som har vore regelen etter Miljødirektoratets klageavgjerd i 2020. Dette grunngjenvart med at det i år er 30 års jubileum for arrangementet med fleire deltakrar og at arrangementet nå bli gjennomført i vekedagane når talet på besökande til Kjerag er lågare enn i helgane. Verneområdeestyret vil og presisere at dispensasjonen til 300 landingar er eit unntak for 2024, og at søker ikkje kan pårekne eit så høgt tal med landingar til kommande arrangement.

Forvaltar si innstilling vart vedteken med seks røyster (Jonny Liland, Janne Nystøl, Torunn Munthe, Jan Dagfinn Dalen, Inger Lise Lund Stulien og Anne Eikerapen) mot fem røyster (Margrethe Dysjaland, Steinar Kyrvestad, Stanley Wirak, Per Sverre Kvinlaug og Gerd Helen Bø).

Vedtak

Forvaltar si innstilling vart vedteken med seks røyster (Jonny Liland, Janne Nystøl, Torunn Munthe, Jan Dagfinn Dalen, Inger Lise Lund Stulien og Anne Eikerapen) mot fem røyster (Margrethe Dysjaland, Steinar Kyrvestad, Stanley Wirak, Per Sverre Kvinlaug og Gerd Helen Bø).

ST 36/23 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 25.09.2023

Behandling

Vedtak

Brev fra Miljødirektoratet om oppnemning av nye styremedlemmer blir sendt styret.